



## Statens vegvesen

Vågsøy kommune  
Postboks 294  
6701 MÅLØY

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Johannes Tubbene / 57655823 17/145233-81 27.11.2018

### Trafikktryggingstiltak i kommunane 2018 – Vågsøy kommune – klage på avslag tilskot

Vi viser til korrespondanse i saka, seinast dokumentet dykkar datert 18.11.2018, der Vågsøy kommune klagar på avslaget vårt om utsetjing av utbetaling av tilskot trafikktryggingssmidlar 2018.

Vi presiserer at vi har avslege å gje utsett frist for ferdigmelding av tiltaket. Dette med grunngeving i at tiltaket ikkje vil vera starta opp innan fristen 31. november 2018, noko som er ein føresetnad for å gje utsett frist for ferdigstilling. Og utan utsett frist vil følgjeleg tilskotet heller ikkje bli utbetalt.

Vi kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i saka. Vi oppretthald difor vedtaket vårt om avslag på søknaden dykkar om utsetjing av frist for ferdigmelding.

Etter avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommunen oversender vi saka til fylkeskommunen for endeleg avgjerd.

Plan- og forvaltningsseksjonen  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Johannes Tubbene

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
506M300003M300009M300198M300203Mfirmapost@vegvesen.no  
Postadresse  
Postnummer

Telefon: 22 07 30 00  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



# Vågsøy kommune

Drift og anlegg

Statens vegvesen region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Vår ref:  
18/17913

Deres ref.

Dato:  
18.11.2018

## Klage på avslag på søknad

### Søknad om utsetting av frist for ferdigstilling av tiltak i sak Trafikktryggingstiltak i kommunene 2018. Deres ref:17/145233-71

Vågsøy kommune vil med dette klage på Deres avgjørsle om avslag på søknad om utsettelse av utbetaling av Trafikksikringsmidler 2018.

Prosjekteringen kom seint i gang og prosjekterende drift- og anleggsavdelingen la til grunn at tiltaket kunne godkjennes med en dispensasjon.

Som nevnt i søknad kreves det nå full omregulering av området som dessverre tar dette tid.

Dette tiltaket er svært viktig i Måløy sentrum, tidligere i år ble ny Ungdomsskule innviet og gangveien det er søkt midler til er for å sikre en kort og sikker gangforbindelse mellom gate 1, buss- stopp og skulen.

Elevene er henvist til å gå i trafikkerte gater uten fortau mellom buss og skule.

Kommunen og prosjekterende har utarbeidet et godt alternativ til dagens dårlige og trafikkfarlige løsning.

På bakgrunn av dette ser en det som svært uheldig at Statens vegvesen ikke kan akseptere sønaden. Kr. 753.000,- er en vesentlig del av kostnadene i prosjektet og bortfall av midlene vil påvirke prosjektet.

Med hilsen

Odd-Henning Svoren  
avdelingsleiar kommunalteknikk

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

#### Kopi til:

Kristin Maurstad

6701

MÅLØY

Adresse  
Postboks 294, 6701 Måløy

Telefon  
57 84 50 00

Org.nr  
942 952 880

E-post  
post@vagsoy.kommune.no

Internett  
www.vagsoy.kommune.no



## Statens vegvesen

Vågsøy kommune  
Postboks 294  
6701 MÅLØY

Odd-Henning Svoren

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Johannes Tubbene / 57655823

Vår referanse:  
17/145233-71

Dykkar referanse:

Vår dato:  
09.11.2018

### Trafikktryggingstiltak i kommunane 2018 – søknad utsett frist ferdigstilling av tiltak

Vi viser til skrivet dykkar av 05.10.2018, der Vågsøy kommune søker om utsett frist for ferdigstilling av trafikktryggingstiltak 2018. Gjeld bygging av gangveg Gate 1 - ungdomsskulen.

Vi viser også til e-post datert 09.11.2018, der det går fram at målsetjinga er å få reguleringsplan for gangvegen vedteken i februar 2019.

Av brevet vårt datert 16.02.2018 om tilsagn om TIK-tilskot går det fram at frist for ferdigstilling av tiltak er 31. november 2018. Og at føresetnad for eventuell utsett frist er at tiltaket er starta opp. Tilskotet var på kr. 753 000,- .

Vi kan ikkje sjå at føresetnaden for å gje utsett frist er til stade. Søknaden dykkar vert difor avslegen, og tilskotet vert følgjeleg heller ikkje utbetalt.

Plan- og forvaltningsseksjonen  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Johannes Tubbene

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vågsøy kommune  
Plan og Utvikling  
[Postmottak](#)

Deres ref.:  
18/13281

Vår ref.:  
2018158-3/jas

Florø  
26.09.2018

## Planinitiativ i samband med forslag til reguleringsplan Gangveg frå Gate 2 til Gate 4 i Måløy Sentrum

I samband med prosjektering av gangveg/trapp mellom Gate 2 og Gate 3, i regi av Vågsøy kommune, er det komen fram krav om reguleringsplan for tiltaket. I den samanheng er det ønskje om oppstartsmøte for planarbeidet slik at vi så tidleg som mogeleg i planprosessen kan avklare viktige føresetnader i planarbeidet. Planavdelinga har då bede om at det vert fremma planinitiativ for planarbeidet, samstundes med førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningslova (pbl) §12-8 første ledd andre punktum, jfr. forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering (handsamingsforskrifta).

Tiltakshavar for detaljreguleringa er Vågsøy kommune, Teknisk kontor.  
Plankonsulent er iVest Consult as.

Nedanfor følgjer ei omtale for premissane for planarbeidet, i samsvar med Handsamingsforskrifta §1. Då planarbeidet er i ei tidleg startfase, er omtala ikkje på eit detaljert nivå, men er gitt ut frå det omfang vi antar at planarbeidet vil føre med seg, jfr. og merknadene i forskrifta vedr. §1 andre ledd.

### a) Formål med planen

Formål med planen er tilrettelegging for gangveg/trapp/fortau frå Gate 2 og opp til Gate 4 ved eksisterande gangveg/sti frå Gate 4 og fram til Vågsøy Ungdomsskole, i Måløy Sentrum.

### b) Planområdet og eventuell verknad utanfor planområdet

Forslag til planområde omfattar eigedomane gbnr. 117/3, 117/19, 116/485, 116/117, 116/56 og 116/227 m.fl, og er vist i figur 2, samt i vedlegg. Sosifil for foreslått plangrense er vedlagt. Forslag til planområde utgjer om lag 6 daa.



Figur 1: Lokalisering av planområdet  
([Gisline.no/Webinnsyn\\_Nordfjord](http://Gisline.no/Webinnsyn_Nordfjord))



Figur 2: Forslag til planområde, vist med raud linje  
(iVest Consult as).

Planlagde gangveg/trapp/fortau, kjem i berøring med private eigedomar. Det har vore positiv dialog med eigarane i høve tiltaka. Planlagde tiltak vil betre trafikktryggleik i området, då skuleelevane vil få ein alternativ bilfri gangtilkomst til skulen. Prosjektet er løyvd trafikktryggingsmidlar frå fylkeskommunen, som eit tiltak for å trygge skulevegen opp mot ungdomsskulen.

#### c) Planlagde tiltak (bygg, anlegg og andre tiltak):

Det er tenkt regulering av formål til gangveg/trapp mellom Gate 2 og Gate 3 i Måløy sentrum. Frå Gate 3 er det tenkt regulering av fortau på eigedomen gbnr. 116/227, frå området der gangveg/trapp kjem opp i Gate 3, og langs sørsida av Gate 4 fram til ein kan krysse Gate 4 og gå inn på etablert gangveg på skuleområdet. Delar av dette fortauet er i dag etablert. Som del av planarbeidet, vil det bli sett på flytting av tilkomst for gbnr. 116/227, frå kryssområdet Gate 4 x Gate 3, og vestover til enden av nytt fortau, slik at tilkomst vert frå Gate 4, og ikkje vil krysse nytt fortau. Vidare kan det vere aktuelt å ta med kryss der Skulevegen møter Gate 3, samt kryss mellom Gate 3 og Gate 4, for å sikre at ny trapp/gangveg og fortau ikkje kjem i konflikt med siktsoner i krysset. I nedre/søre del av planområdet vil det vurderast om det kan vere mogeleg å vidareføre del av tidlegare regulert parkeringsplass. Eksisterande bustadtomter i planområdet er tenkt vidareført.

Sjå elles førebels plan- og profil for gangveg/trapp mellom Gate 2 og Gate 3 i vedlegg 3, og førebels illustrasjon av vidareføring med fortau fram til Gate 4 i vedlegg 2.

#### d) Utbyggingsvolum og byggehøgder:

Hovudformålet med planarbeidet er å finne løysing for gangveg/trapp og fortau frå Gate 2 og opp til skuleområdet for Vågsøy Ungdomsskule, slik at det kan etablerast ei trafikktrygg gangtilkomst for skuleelevane. For bustadformål og evt. andre byggeformål som inngår i planen, er det kun tenkt vidareføring av dagens situasjon (etablerte einbustader i 1-2 etg., pluss kjeller).

#### e) Funksjonell og miljømessig kvalitet:

Planlagt gangveg/trapp og fortau er tenkt utført med bestandig materiale av høg kvalitet, og som passar eit bymiljø. Ut frå terrengforholda på staden, vil det ikkje vere mogeleg med universell utforming av gangveg og fortau. Det er lagt inn parti med trappeløysing for å møte høgdeskilnadane i området.

#### f) Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader:


Planlagte tiltak er tenkt å kunne legge til rette for trafikktrygg tilkomst for skuleelevane til Vågsøy Ungdomsskule frå søre del av Måløy Sentrum. Det er i dag vanskar med å få skulebussen heilt fram til skuleområdet, og elevane går av/på skulebussen i sentrumsområdet.

#### g) Forholdet til kommuneplan, evt. gjeldande reguleringsplanar og pågåande planarbeid:

Aktuelt område er gjeldande kommuneplan vist som offentleg bygg, bustad og friområde.

Kommuneplanen er for området unntatt frå rettsverknad. Sjå figur 3.

I eldre reguleringsplan for Måløy (1966) er søre del av aktuell trase vist som parkeringsplass, i nordre del er gbnr 116/227 vist som leikeplass, medan resten vist som privat grunn. Sjå figur 4.



Figur 3. Utsnitt kommuneplan for Vågsøy (2002-2014) Unntatt frå rettsverknad. (Gisline.no/Webinnsyn\_Nordfjord)



Figur 4. Utsnitt gjeldande reguleringsplanar i områda kring aktuelt planområde. (Gisline.no/Webinnsyn\_Nordfjord)

Etter det vi kjenner til pågår ikkje anna reguleringsarbeid i området pr. i dag. Det var tidlegare starta eit arbeid for avklaring av trase for gangveg, men denne planen vart ikkje vedteken.

## **h) Vesentlege interesser som kan verte berørt av planinitiativet:**

Det er eit bustadhus innanfor området («Lemhuset» på gbnr. 116/56), som er registrert i SEFRAK-registeret i Sogn og Fjordane. Huset er ikkje freda, og ein kan ikkje sjå at det er gjort særskilde verneverdige registreringar for huset i registeret. Ny trapp vil ikkje kome i konflikt med huset, og huset er tenkt vidareført i planarbeidet.

Trase for planlagt trapp følgjer ein bekk mellom Gate 2 og Gate 3. Denne er av kommunen peika på å ha kvalitetar som blågrøn struktur. Dette er moment som vil bli tatt med i vurderingane i planarbeidet. Det er elles ikkje funnet særskilde registreringar i planområdet knytt til natur, kulturminne og friluftsliv.

## **i) Korleis samfunnstryggleik er tenkt tatt ivare, mellom anna gjennom å forebygge risiko og sårbarhet:**

Det vil bli utarbeidd ROS-analyse, med forslag til avbøtande tiltak for uønskte hendingar som kjem ut med høg risiko. Til dømes er det venta at tema knytt til klima, klimaendringar, overvatn, flaum, skred må tilleggst spesiell vekt. Området vert og vurdert opp mot NVE sine data for naturfarar og aktsemdskart (mellom anna aktsemdsområde for flaum og skred).

## **j) Kva berørte offentlege organer og andre interesserte vert varsla om planoppstart:**

Aktuelle offentlege fagmynde vil vere; fylkesmannen, fylkeskommunen (plan/kultur), vegvesenet, NVE og kommunen (skule, representantar born & unge/ungdomsråd/eldreråd/kommunalråd for funksjonshemma m.fl).

Andre interesser/instansar vil vere; SFE, Telenor, Lokallag av Naturvernforbundet, Velforeningar/ Grendelag/Bydelutval og FAU.

## **k) Prosessar for samarbeid og medverknad (fagmynde, grunneigarar/naboar/andre)**

Det er tenkt at fagmynde, grunneigarar/naboar m.fl vert inviterte til å kome med innspel gjennom varsling av planoppstart (brev, avisannonse og kommunens og plankonsulentens sine nettside)

## **l) Vurdering av om planen er omfatta av Forskrift om konsekvensutgreiing:**

Planarbeidet vil ikkje falle inn under KU-forskrifta §6, og er vurdert å heller ikkje falle inn under §8, jfr. vedlegg II. Infrastrukturprosjekt som er vist til i Vedlegg II, er vurdert å gjelde for større anlegg, og regulering for gangveg/trapp over eit strekk på ca. 130 meter, samt nytt fortau på eit strekk på ca. 50m, vil ikkje definerast inn under tiltak i Vedlegg II. Planarbeidet er på dette grunnlag vurdert å ikkje falle inn under forskriftas saklege verkeområde, og dermed heller ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU).

Med helsing

for iVest Consult as



Janicke Svendal

Avdelingsleiar Plan, infrastruktur, vasskraft og vassdragsteknikk

Tlf. 966 27 987 .Epost: [jas@investconsult.no](mailto:jas@investconsult.no)

## **Vedlegg:**

1. Forslag plangrense (pdf og sosi).
2. Førebels illustrasjon for gangveg/trapp og fortau frå Gate 2 til Gate 4 (iVest Consult as)
3. Førebels Plan- og profil for trapp mellom Gate 2 og Gate 3 (iVest Consult as)

**Kopi m/vedlegg:** Tiltakshavar

**From:** Odd Henning Svoren <odd.svoren@vagsoy.kommune.no>  
**Sent:** 10. oktober 2018 13:40  
**To:** Tubbene Johannes  
**Subject:** SV: Tik-tilskot 2018 - utsetjing av frist ferdigmelding av tiltak  
**Attachments:** 2018158\_Planiniativ-Regulering\_Gangveg Gate 2 - Gate 4\_20180926.pdf

Foreløpig svar:

1. Viser til vedlagt PDF Planinitiativ
2. Svar kommer.

Med hilsen



*Odd-Henning Svoren*

Avdelingsleder kommunalteknikk

Telefon direkte: 57845083 mobil: 91718111

Epost: [odd.svoren@vagsoy.kommune.no](mailto:odd.svoren@vagsoy.kommune.no)

[www.vagsoy.kommune.no](http://www.vagsoy.kommune.no)

---

**Fra:** Tubbene Johannes <johannes.tubbene@vegvesen.no>

**Sendt:** 10. oktober 2018 12:40

**Til:** Vågsøy-Postmottak <Post@vagsoy.kommune.no>

**Kopi:** Odd Henning Svoren <odd.svoren@vagsoy.kommune.no>; Torheim Torun Emma <torun.torheim@vegvesen.no>; Lobenz Vigdis <vigdis.lobenz@vegvesen.no>

**Emne:** Tik-tilskot 2018 - utsetjing av frist ferdigmelding av tiltak

Vi viser til brevet dykkar datert 05.10.2018 der kommunen søker om utsetjing av ferdigmelding av trafikktryggingstiltak (TIK-tiltak) 2018.

Tiltaket gjeld gangveg mellom gate 1 og Vågsøy ungdomsskule

Før vi tek stilling i saka, ønskjer vi svar på følgjande:

1. Er det varsla oppstart av reguleringsplanarbeidet?
2. Når reknar kommunen med at reguleringsplanen er vedteken?

Med helsing  
Johannes Tubbene

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER

Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER

Telefon: +47 57655823 Mobil: +47 90135868 e-post/Skype: [johannes.tubbene@vegvesen.no](mailto:johannes.tubbene@vegvesen.no)